

# Målprisen 2020

Odda Mållag har over tid arbeidd med å styrkja nynorsken sin posisjon i forretnings- og næringslivet i kommunen.

Det kan likevel ikkje seiast at dette arbeidet har vore ein suksess.

Det har vel ikkje vore eit domenetap, då nynorsken ikkje har hatt noko domene å snakka om på dette samfunnsmessig viktige feltet.

Då den kraftforedlende industrien etablerte seg med brask og bram kort tid etter det førre hundreårskiftet, var det med basis i konservativt bokmål, og denne tradisjonen "smitta" raskt over på næringslivet elles. Bokmålet hadde og i første del av det førre hundreåret eit solid grep om innbyggjarane på dei to nye industristadene. Bokmålet var på lag med framtida og representerte modernitet og utvikling.

I kommunereform-prosessen som transformerte to nynorskkommunar og ein språknøytral kommune til ein ny nynorskkommune, vart ikkje målvalet diskusjonstema korkje politisk eller mellom innbyggjarane.

Spørsmålet vert avklart i intensjonsavtalen og banka samrøystes gjennom i kommunestyret.

Ullensvang kommune vart som politisk og juridisk nynorsk-organ, ein realitet frå 01.01.2020.

Næringshagen i Odda var i mange år ein bokmålsbastion og vart som fylgje av kommunesamanslåing til Næringshagen i Ullensvang. Den låg og ligg sentralt plassert på Smelteverkstomta i verket sitt tidlegare sentrallager. Næringshagen yter viktige tenester til eksisterande næringsliv så vel som nyetableringar.

Idag presenterer dei seg slik på nettet:

## ***Kven er me?***

*Næringshagen i Ullensvang er eit vekst- og innovasjonsselskap som jobbar med næringslivet for*

*auka nyskaping, vekst og utvikling.*

*Hovudmålet vårt er å styrkje næringslivet si langsiktige verdiskaping, konkurransekraft, innovasjonsevne og sysselsetjing gjennom nye arbeidsplassar.*

Odda Mållag gler seg over utviklinga, og peikar på at Ullensvang kommune er ein næringsterk kommune, med eit breitt og allsidig næringsliv, som òg har vist stor evne til nytenking og auka verdiskaping. Dette gjeld innan fruktnæringa, med utvikling av nye produkt, reiselivet og ikkje minst den kraftforedlende industrien. Næringshagen har viktige oppgåver å løysa og har gjort greie for programmet sitt.

Rett nok kan det seiast at tildelinga av målprisen liknar litt på det som skjedde då Obama fekk Nobels fredspris for det han sa han skulle gjera (men som han ikkje gjorde), men vi er likevel rimeleg trygge på at målprisen treffer betre enn det Nobelkomiteen gjorde.